

**Sakshandsamar:**

Lars Erik Lunde  
E-post: lars.erik.lunde@sfj.no  
Tlf.: 57638102

**Vår ref.**

Sak nr.: 15/5890-4  
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internt l.nr.**

28423/15

**Dykkar ref.****Dato**

LEIKANGER, 24.08.2015

Det Kongelige Kommunal- og moderniseringsdept.  
Postboks 8112 Dep.  
0032 OSLO

Det Kongelige Samferdselsdepartementet  
Postboks 8010 Dep.  
0030 OSLO

## Søknad om økonomisk støtte etter brann i Skatestraumstunnelen på fv. 616

Som kjent var det brann i Skatestraumstunnelen på fv. 616 onsdag 15. juli 2015. Årsaka til brannen var eit vogntog som mista hengaren sin. Hengaren var lasta med 16.500 liter bensin. Ulykka førte til svært store skadar på tunnelen, jf. vedlagt rapport frå Statens vegvesen (SVV).

Skatestraumstunnelen er ein undersjøisk tunnel, og er ein viktig del av fastlandssambandet til Bremangerlandet i Bremanger kommune. Stenging av tunnelen førte til lang omkøyringsveg, noko som gav store negative konsekvensar for både kommune, innbyggjarar og næringsliv. For å redusere dei negative konsekvensane har Sogn og Fjordane fylkeskommune sett inn ei mellombels ferje på sambandet Smørhamn – Kjelkenes i den perioden som tunnelen er stengd.

SVV har gjort ei førebels vurdering av kostnadane med reoperasjon og utbetring av Skatestraumstunnelen. Rapporten er datert 7.august 2015 og syner eit kostnadsoverslag på 38,4 mill. kr inkl. mva fordelt på:

- 35,1 mill. kr til reoperasjon og utskifting av naudsynt utstyr
- 3,3 mill. kr til oppgraderingstiltak.

Det er venta at Skatestraumstunnelen ikkje vert opna for trafikk i år slik at ferjekostnaden for 2015 er stipulert til om lag 16 mill. kr. Samla er kostnadane med brannen førebels estimert til om lag 54 mill. kr.

17. august 2015 handsama fylkesutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune sak om utbetring og finansiering etter brannen i Skatestraumstunnelen, FU-sak 79/15. Saka er basert på rapporten frå SVV og syner at ei slik ulykke på vegnettet fører til store økonomiske utfordringar for vegeigar. Fylkesutvalet gjorde følgjande vedtak i saka:

1. Fylkesutvalet er innforstått med at fv. 616 Skatestraumtunnelen blir utbetra i samsvar med førebels kostnadsoverslag for utbetring etter krav i tunneltryggingforskrifta, jf. fylkesrådmannen si saksutgreiing.
2. Fylkesutvalet har ikkje merknader til at det mellombels etablerte ferjetilbodet vert vidareført i utbetningsperioden, jf. fylkesrådmannen si saksutgreiing.
3. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen kome attende med ev. oppdaterte tal i 2. budsjett-rapport 2015 og ei høveleg finansieringsløyning. Som lekk i dette arbeidet må ein og freiste å få klårgjort ev forsikringsmessig dekning og om det er grunnlag for å søkje Kommunal- og moderniseringsdepartementet og/eller Samferdsledepartementet om ei delfinansiering.

Fylkesutvalet meiner vidare at det ikkje er mogleg eller ønskjeleg innanfor dei økonomiske rammene til fylkeskommunen å bygge opp store bufferar/fond for å kunne møte slike uføresette utgifter. Dette vil i tilfelle gå utover andre fylkeskommunale oppgåver. Fylkesutvalet ber difor regjeringa om å vurdere å etablere eit statleg fond, jf. naturskadefondet, som kan bidra med finansiering etter ulykker/ hendingar som påfører vegeigar store uføresette utgifter.

Dei store utgiftene knytt til reparasjon av tunnelen, samt ferjekostnadane, vert svært utfordrande å finne ei finansieringsløyning på. Utgiftene knytt til oppgraderingstiltak (3,3 mill. kr) vert føresett dekkja innafor dei årlege løyvingane til dette føremålet. Meirverdiavgiftskompensasjon vil sjølv sagt vere ein finansieringskjelde. I tillegg vert det undersøkt om det kan vere grunnlag for å få noko av kostnaden dekkja gjennom kjøretøyet si ansvarsforsikring. Normalt vil dette vere ein prosess som vil ta noko tid å få avklart.

Fylkeskommunen ser svært positivt at Samferdsleministeren har signalisert at staten vil bidra til å dekke delar av kostnadene til fylkeskommunen.

Sogn og Fjordane fylkeskommune søker med dette om statleg medfinansiering til heil eller delvis dekking av dei uføresette utgiftene knytt til brannen i Skatestraumstunnelen.

Med helsing

Åshild Kjelsnes  
Fylkesordførar

Tore Eriksen  
fylkesrådmann

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

Vedlegg:

Brann i fv. 616 Skatestraums-tunnelen 15. juli 2015- Statusnotat til Sogn og Fjordane fylkeskommune 7. august 2015

Mottakar (ar)

Det Kongelige Kommunal- og moderniseringsdept. Postboks 8112 Dep. 0032 OSLO  
Det Kongelige Samferdselsdepartementet Postboks 8010 Dep. 0030 OSLO